

Saksbehandlar: Olav Skarsbø
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 13/1545-13

Breiband - vedtak om at 2013-midlane vert nytta til eigendelar i 2014

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for plan og næring til å gjere slik vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar tildelte breibandmidlar frå 2013 og restmidlar frå tidlegare prosjekt til regional medfinansiering av breibandprosjekt i 2014, totalt 9,78 millionar kroner

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Breibandstrategi for Sogn og Fjordane vedteken i fylkestinget 17.04.12

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Frå 2014 vert det innført ei ny tilskotsordning for breibandutbygging i område det ikkje er kommersielt lønnsamt å bygge ut for leverandørane. Post- og teletilsynet skal forvalte den nye støtteordninga etter oppdrag frå Samferdsel- og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Den nye ordninga skal gjelde for heile landet og vert lagt om frå å vere eit rammetildelt tilskot til fylka til å bli søknadsbasert. For 2014 er det venta ei samla statleg tilskot på omlag 200 millionar kroner. Kommunane og fylkeskommunane kan søke om tilskot.

Søknadskriteria og utlysing er venta klar i løpet av vinteren. Den nye ordninga vil stille krav til kommunal medfinansiering, men det er førebels ikkje klart kor stor del kommunane må dekke.

2. Saksvurdering

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk i 2013 tildelt 6,34 millionar kroner i rammetildelt støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet, medan Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde ein millon kroner av egne midlar. I påvente av ei godkjenning av støtteordninga i EU har vi valt å ikkje lyse ut breibandmidlar for 2013.

Vi starta opp arbeidet med notifisering av støtteordninga i sommar, men stoppa denne då det vart kjent at Post- og teletilsynet fekk i oppgåve å gjennomføre notifisering for heile landet. Den nye tilskotsordninga må godkjennast av overvakingsorganet ESA inn mot EUs retningslinjer for statleg støtte til breibandutbygging. Post- og teletilsynet ventar å ha ei slik godkjenning i løpet av første halvår 2014.

Breibandmidlane frå 2013 vert å nytte som regional medfinansiering til ei større satsing på fiberutbygging i fylket i 2014. På toppen av dette kan vi tilføre 2,44 millionar kroner frå prosjekt som er gjennomført under budsjett, prosjekt som ikkje er gjennomført eller prosjektet som er gjennomført utan behov for offentleg støtte. Samla overføring vert då 9,78 millionar kroner.

Ei slik satsing vil gi breibandutbygging i fylke eit etterlengta løft utan at kommuneøkonomien vert utfordra tilsvarande.

3. Konklusjon/tilråding

7,34 millionar kroner i breibandmidlar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2013 og
2,44 millionar kroner i restmidlar frå tildelegare breibandprosjekt i fylket vert nytta til eigendelar i
2014